

ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

---

**Dato** 07.10.2022  
**Vår referanse** 2022/1580-18  
**Dykkar referanse**  
**Sakshandsamar** Ingar Hals  
**E-post** Ingar.Hals@vlfk.no  
**Telefon** 97473361

Att.Ingrid Raniseth

## **Klage - Fv. 564 Fløksand - Vikebø**

Vi viser til klager på vedtak av detaljreguleringsplan for fv. 564 Fløksand – Vikebø, oversendt til oss 27.9 og 30.9. Etter avtale sender vi som tiltakshavar nokre kommentarar til klagene.

### Bente Fløisand-Larsen

Klagen gjeld vedtak av A2, ønsker A1. Vi meiner tema som er tekne opp ikkje er nye, det er ting som har vore vurdert av oss og Alver kommune før vedtaket vart fatta. Konkrete kommentarar til nokre punkt i klagan:

- Alle skogseigedomar i det sørlege området (inkl. Anfinsen (305/6) og T. Fløysand (305/7)) har tilkomst til skogen ved bygging av A2.
- Leira i Sørastøaoområdet er vurdert, vi skal ikkje gjere tiltak nede ved Sørastøa.
- Natvik sitt hus (Rossfjordvegen 1075, 305/49) skal ikkje rivast, ny veg ligg i god avstand frå huset. Avstanden er litt under 20 m, om lag 3 – 4 m kortare avstand enn det er i dag.
- Fleire andre bustader i området har like høgt og høgare støy nivå etter utbygging enn Scholz sin eigedom (Rossfjordvegen 1074/305/120). Tilbod om støytiltak vil bli gitt.
- Alle tema nemnt i klagan under pkt. 5 «Kostnader» er vurdert i samband med utarbeidning av kostnadsoverslag. Vi står fast ved at kostnadene ved dei to alternativa er om lag dei same.
- I anleggsperioden skal trafikantane nytte eks. veg. Det vil bli periodar med noko ulempe for trafikantane, men trafikkavvikling er, samanlikna med mange andre veganlegg, ikkje noko stort problem her.

### Paul-G. Scholz (på vegne av fleire)

Klagen gjeld og vedtak av av A2. Heller ikkje her nye tema som ikkje har vore vurdert tidlegare.

Konkrete kommentarar til eit par punkt:

- Det er feil at mange hus ligg raud støysone ved val av A2, det er ingen hus som gjer det
- At vi endra vår tilråding frå A2 til A1 er ikkje pga. kvikkleire. At vi endra vår tilråding skuldast at kostnadsbiletet endra seg pga. justeringar etter merknadshandsaming.

### Johannes Romstad

Klagar og på vedtak av A2. Mye går på kommunal sakshandsaming. At politikarane bruker sitt skjønn og gjer eit anna vedtak enn det fagfolk (her både oss og Statsforvaltar) har tilrådd er ikkje uvanleg.

Nokre få punkt vil vi kommentere her og:

- Det var ikkje berre for å handtere overvatn frå A2 vi utvida planområdet hausten 2021, det gjorde vi og for å handtere overvatn frå A1.
- Tomtene 305/188 og 305/93 er fullt byggbare etter vedtak av A2.
- Leira som finst på Fløksand der vi skal leggje drensleidning ned frå A2 er vurdert. Det er ikkje store samanhengande område med leire, men små lommer mellom fjellknausar.  
Detaljvurderingar vil bli supplert fram mot bygging, større utgreiingar er ikkje nødvendig.

### Gunnar Klemet Bøe

Klagar og på vedtak av A2. Han tek opp erstatning,. Dette er ein del av prosessen vidare og ikkje noko som blir avgjort i plansaken.

### Gunn Margareth og Arne Haugsvær

Denne klagen gjeld og vedtak av A2. Her det trafikale begrunnelser, som og er vurdert tidlegare.

Konkrete kommentarar til eit par punkt i klagen:

- Eksisterande veg ved Leiro blir ikkje stengt, den skal vere open for gjennomkjøring og etter bygging av ny veg.
- Eit kryss mellom Fløksand og Ryland for eventuelt hotell og bustadfelt ved golfbana er ikkje eit tema i denne planen. Dei to alternativa som det er lagt fram planutkast for er like i det området eit slikt kryss kan vere aktuelt.

### Arne Haugsvær


Klagen gjeld to tilhøve:

- Han ønsker å få tildelt ny tomt/plass til nytt naust til erstatning for det som blir innløyst på eigedomen 305/3
- Han ønsker at det blir lagt inn i planen tilkomst til dyrka mark på Steinberget sør.

Vi tilrår at klagen når det gjeld naust ikkje blir teken til følgje. Det er normal praksis i slike saker at vi, som tiltakshavar, betaler ut ein erstatning, og at eigar av bygning sjølv ordnar eventuell erstatning. Dette fordi det ofte ikkje er enkelt å finne alternativ plassering innanfor planområdet, planområdet må utvidast for å leggje inn ei alternativ tomt. Dette vil og vere tilfellet her, det er ikkje nokon naturleg naustplassering nært eksisterte naust og vår vegfylling ut mot Rylandsvatnet. Det er derfor heller ikkje regulert inn areal til erstatning for naustet som må rivast på naboeigedommen 305/55. Vi meiner dei to eigedomane må handsamast likt.

Det er og slik at om vi hadde lagt inn areal i reguleringsplanen måtte grunneigar likevel søkt om å få byggje tiltaket. Ein slik søknad kan kombinerast med ein søknad om dispensasjon frå gjeldande kommuneplan.

Når det gjeld tilkomst til jordbruksareal sørvest for Steinberget vil vi tilrå at denne klagen blir teken til følgje. I vedteken plan ligg tilkomst til dette arealet via avkjøring f\_SV15 vest for Steinberget. Haugsvær bur nede mot Leiro, og vil med denne tilkomsten få nærmere 3 km ekstra kjøring kvar gong han skal frå hovudbruket, ut til dyrka marka, og attende. I tillegg til noko jordbrukstrafikk kan ei slik avkjøring og truleg gje ein minimal auke i kryssing av fotgjengarar i området. Men med fartsgrense 60 km/t meiner vi løysinga med tilkomst i dette området er akseptabel. Og da Haugsvær vil få store ulemper med løysinga i vedteken plan vil vi tilrå at klagen blir tatt til følgje.



Om avkjøringa blir lagt inn vil den bli f\_SV11 og følgjande må inn som tillegg i føresegndene pkt.1.3: «f\_SV11 er felles for jordbruksverksemd på eigedomane gnr. 305, bnr. 3 og 4.» (Eigedomen 305/4 har eit restareal nord for ny veg som det vil vere naturleg at og får tilkomst via denne nye avkjøringa).

Turid Østerby

Denne klagen gjeld tilkomst til hytte på eigedomen 343/52 og 54. Viser til at de har vegrett over 343/3.

Vi har i vedteken plan teikna inn avkjørsle f\_SV20 i området, og i føresegnehene står det at den er felles for 343/3 og 65. Turid Østerby ønsker føresegnehene endra, slik at 52/54 og blir inkludert.



Vi tilrår at klagen blir tatt til følge. Føresegnehene pkt. 3.1.3. blir da etter endring slik: «»f\_SV20 er felles for gnr. 343 bnr. 3, 52/54 og 65.»

Med helsing

**Wilhelm Lund**  
leiar  
INV - Planlegging

**Ingar Hals**  
sjefingeniør  
INV - Planlegging

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskrivne underskrift